

# Førebuing/ Forberedelse

29.11.2017

SAM3029 Entreprenørskap og bedriftsutvikling 2

## Nynorsk

Informasjon til førebuingsdelen	
<b>Førebuingstid</b>	Førebuingstida varer éin dag.
<b>Hjelpemiddel</b>	<p>På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.</p> <p>På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>Ved bruk av nettbaserte hjelpemiddel under eksamen er det ikkje tillate å kommunisere med andre (dvs. samskriving, chat, alle moglegheiter for å utveksle informasjon med andre).</p>
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Det er ingen vedlegg.
<b>Andre opplysningar</b>	Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få rettleiing.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på <a href="http://www.utdanningsdirektoratet.no">www.utdanningsdirektoratet.no</a> .

## Tema/situasjonsbeskriving

### Køyreskole

Tom Barry eig og driv køyreskolen Barrys køyreskole i ein middels stor by i Noreg. Skolen har fire sjåførlærarar og tilbyr køyreopplæring for personbil klasse B. 85 prosent av kundane deira er i alderen 17–19 år. I nærområdet er det tre konkurrerande køyreskolar. Barrys køyreskole har faste prisar på køyretimar, teorikurs, læremiddel og andre produkt. Dei har teke utgangspunkt i prisane til konkurrentane og lagt seg på same nivå som dei.

Hausten 2016 blei det innført nye fråværsreglar i vidaregåande skole. Dersom elevane har meir enn 10 prosent fråvær i eit enkelt fag, risikerer dei å ikkje få karakter. Dette medfører at elevane i mindre grad enn tidlegare kan vere borte frå undervisninga for å ta køyretimar, og dei som tilbyr køyreopplæring, må tilpasse seg dei nye fråværsreglane. Bransjen prøver å påverke skolar og myndigheiter til å endre regelverket, men har så langt ikkje blitt høyrd. Køyreskolane merkar no at dei endra rammevilkåra får økonomiske konsekvensar.

Barrys køyreskole fryktar at tilsette må permitterast, og Tom vurderer kva som må gjerast. Dei tilsette er unge og engasjerte, og han bestemmer seg for å inkludere dei i jobben med å vurdere ulike tiltak som kan tryggje arbeidsplassane deira. Dei vil jobbe for å finne innovative løysingar overfor den eksisterande målgruppa og i tillegg sjå på moglegheiter for å utvide sortimentet og rette seg mot nye målgrupper.

Barrys køyreskole må ta nokre viktige val i tida framover.

Set deg inn i køyreskolebransjen og i hovudområda bedriftsutvikling og innovasjon.

## Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen	
<b>Forberedelsestid</b>	Forberedelsestiden varer én dag.
<b>Hjelpemidler</b>	<p>På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert bruk av Internett.</p> <p>På eksamen er alle hjelpemidler tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</p> <p>Ved bruk av nettbaserte hjelpemidler under eksamen er det ikke tillatt å kommunisere med andre (dvs. samskriving, chat, alle muligheter for å utveksle informasjon med andre) eksamen.</p>
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Det er ingen vedlegg.
<b>Andre opplysninger</b>	Forberedelsesdagen er obligatorisk skoledag. I forberedelsestiden kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få veiledning.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på <a href="http://www.utdanningsdirektoratet.no">www.utdanningsdirektoratet.no</a> .

## Tema/situasjonsbeskrivelse

### Kjøreskole

Tom Barry eier og driver kjøreskolen Barrys kjøreskole i en middels stor by i Norge. Skolen har fire sjåførlærere og tilbyr kjøreopplæring for personbil klasse B. 85 prosent av kundene deres er i alderen 17–19 år. I nærområdet er det tre konkurrerende kjøreskoler.

Barrys kjøreskole har faste priser på kjøretimer, teorikurs, læremidler og andre produkter. De har tatt utgangspunkt i konkurrentenes priser og lagt seg på samme nivå som dem.

Høsten 2016 ble det innført nye fraværsregler i videregående skole. Dersom elevene har mer enn 10 prosent fravær i et enkelt fag, risikerer de å ikke få karakter. Dette medfører at elevene i mindre grad enn tidligere kan være borte fra undervisningen for å ta kjøretimer, og de som tilbyr kjøreopplæring, må tilpasse seg de nye fraværsreglene. Bransjen prøver å påvirke skoler og myndigheter til å endre regelverket, men har så langt ikke blitt hørt. Kjøreskolene merker nå at de endrede rammebetingelsene får økonomiske konsekvenser.

Barrys kjøreskole frykter at ansatte må permitteres, og Tom vurderer hva som må gjøres. De ansatte er unge og engasjerte, og han bestemmer seg for å inkludere dem i jobben med å vurdere ulike tiltak som kan trygge arbeidsplassene deres. De vil jobbe for å finne innovative løsninger overfor den eksisterende målgruppen og i tillegg se på muligheter for å utvide sortimentet og rette seg mot nye målgrupper.

Barrys kjøreskole må ta noen viktige valg i tiden framover.

Sett deg inn i kjøreskolebransjen og i hovedområdene bedriftsutvikling og innovasjon.

Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)